



Sosial- og helsedepartementet
Postboks 8011 Dep

0030 OSLO

Arbeids- og sosialdepartementet	
Saksnr.: 200400403	Dok.nr.: 69
Arkivkode: 416.9	Dato: 29.10.04
Avd.: SAP	Saksbeh.:
U.off.:	

Saksnr.
04/01030-001

Arkivkode
00 &13

Saksb
ØS

Dykkar ref.

Dato
26.10.2004

KOMMENTARAR TIL RATSØE-UTVALET SITT FORSLAG OM ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING

Vaksdal kommune er skeptiske til utvalet sitt forslag til løysing på arbeids- og velferdsforvaltninga av fleire årsaker. Kommunen trur på ei meir einskapleg løysing. Vi har splitta vår høyring i ein generell del og ein som er spesifikk i høve til sosialtenesta.

Generelle kommentarar:

Noreg er eit lite land i internasjonal målestokk og vi trur at det må vere mogeleg å skape eit felles offentleg servicekontor for våre innbyggjarar i dei enkelte kommunane. Vi kan ikkje akseptere ei løysing som fortset med ein overvelting av klientar og kostnader mellom dei einskilte forvaltningsnivåa. Våre innbyggjarar har krav på ein (lett tilgjengeleg) dør inn til arbeids- og velferdsforvaltninga.

Stortingets bestilling har ikkje vorte følgt opp i innstillinga. Vi meiner at løysinga ikkje er tilpassa dei komplekse problemstillingane som våre brukarar står overfor. Innstillinga legg opp til ei sterk sektorbasert løysing. Vi treng ein felles leiingsstruktur over det heile med felles ansvarsområde og ein kasse med pengar til fordeling for alle 3 områda. I utvalet sitt forslag er det ikkje noko politisk eller administrativt organ som har ei heilskapleg oversikt eller høve til å koordinera hele spekteret av ytingar og tiltak. Administrativt kan handsaminga av supplerande ytingar nå verta langt meir arbeidskrevjande.

Ved einskaplege system/tenester vil ein kunna redusera kasteballproblematikken, auka stabiliteten mellom sakshandsamar og klient, redusera stigmatisering og det at ein veltar kostnader over på ein annan instans og redusera administrative kostnader.

Staten gjennom departementa har tradisjonelt ikkje vore gode på eiga omstilling. Vi har ikkje tru på at dei vil klare å løyse utfordringane betre enn kommunane. Dei beste løysingane finn ein i den enkelte brukar sitt nærmiljø. Kommunane har fått erfaring i å nytte næringsliv, helsetenester, pleie- og omsorgstenester, osv. i sitt arbeid med å finne individuelle løysingar på det enkelte individ sine problem. Kommunane er ikkje lengre sektortenkande, men løysingsorienterte. Det er større sjansar for å få til ein einskapleg løysing (med individuell plan for dei einskilte brukarane) i kommunane enn gjennom departementa eller andre statlege kontor.

feinmechanische	Abbildung
	1. Auflage
	1. Auflage
	1. Auflage
	1. Auflage

Dei kommunebaserte forsøka i Danmark har halvert talet nye uførepensjonistar pga nærleiken til brukar. Noreg har hatt ein svært negativ utvikling dei siste åra. Vaksdal kommune trur på ein kommunemodell, der kommunar av ein viss storleik får overført ansvaret for heile arbeids- og velferdsordninga. Kommunar under eit visst minstemål (for eksempel 20.000), verte serva av interkommunale service kontor fram til dei vert robuste nok til å takle eit slikt ansvar aleine. Kommunestruktur prosjektet legg opp til ein oppbygning av kommunesektoren i større einingar med kapasitet til å ta på seg fleire oppgåver i framtida. Motivasjonen til dette prosjektet vil verta større om ein ser ei overføring av nye oppgåver i framtida frå arbeids- og trygdeetatane. I dag har få kommunar tru på at staten er villig til å overføre ansvar ut til dei forvaltningsnivåa nærmast brukaren. Rattsø-utvalet droppa kommunealternativet pga "småkommuneproblematikken". **Vi meiner dette er lite framtidsretta.**

Med Rattsøutvalet sitt forslag til organisasjonsmodell for arbeids- og velferdsforvaltninga vil kommunane si rolle som lokale samordnarar for velferdsinnsatsen og arbeidslinja verta redusert. Samordning lokalt og tilpassingar i kommunane for ulike tiltak, er avgjerande for å få sett i verk arbeidslinja. Utan denne samordningskrafta, vil resultatet framleis kunne vera trygdelinja og fleire passive stønader.

Me sluttar oss til hovudtrekka i KS sin kommunemodell og ønskjer at denne vert lagt til grunn for det vidare samordningsarbeidet av Aetat, trygdekontor og sosialtenesta. Me vil likevel peika på at det eksisterer utfordringar med tanke på organisering på det enkelte kommunenivået. Dette gjeld særleg naudsynt samordning av arbeidsmarknadstiltak innan dei enkelte bu-, arbeids- og sørvisregionane. Me tilrår difor at det vert sett i gang prøveprosjekt på kommunemodellen i alle fylke.

Spesifikke kommentarar knytt til sosialtenesta:

Rattsø utvalet har lagt seg på ei statleg arbeidslinje, ein statleg etat for arbeid og inntekt, ein statleg etat for pensjonar. Den kommunale sosialtenesta skal bestå som eit siste tryggingssnett.

Det skal innførast ein arbeidssøkarstønad der formålet er å sikre arbeidsledige ein økonomisk tryggleik som er utforma slik at den er egna til å integrere mottakar i arbeidslivet.

I lovutkastet til denne stønaden er det følgjande kriterium :

** fylt 19 år*

** skal være ein reel arbeidssøkar*

**ta arbeids kor som helst i landet*

**ta arbeid uavhengig om det er heil eller deltid*

Søklar må stå tilmeldt arbeidskontor i minimum 3 månader for å stønaden. Dersom nokon sei seg opp frå eit arbeid utan god nok grunn, eller vert oppsagt på grunn av forhold som kan bebreidast vedkommande vert dei utstengt i 6 månader frå arbeidssøkarstønad.

Utestengingsperioden vert trekt i frå den perioden ein person kan få innvilga stønaden.

Vilkår som er knytte til stønaden: dokumentere jobbsøkningsaktivitet, delta på tiltak, møter på Aetat, etc.

Stønaden kan innvilgast i inntil 2 år. Har ein brukt opp stønadsperioden på 2 år vil ein ikkje kunne få innvilge slik stønad fleire gongar.

Erfaringar vårt sosialkontor har er følgjande:

Me har gått igjennom klientar med utbetalingar hittil i år (2004). Av dei klientane er det 9,4% som er reelle arbeidssøklarar og som kunne hatt rettigheter i forhold til ein arbeidssøklarstønad. Ein ser at KS i sine kommentarar til Ratsøe utvalet skriv at det snakkast om at ca. halvparten av sosialklientane kan overførast ein slik stønad. Dette er ikkje vår erfaring.

Det Ratsøe utvalet ikkje har teke omsyn til er kva ein gjer med desse som allereie er under ei eller anna form for trygdeytning (arbeidsløysetrygd, attføring, rehabilitering, uføretrygd, alderspensjon) som har så lave trygdeytningar at dei må søke om supplerande sosialhjelp for å klare sine økonomiske forpliktingar. Desse utgjer ca. 46 % av våre klientar. Slik me ser det vil desse framleis verte "kasteballar" i systemet.

Ca. 8,5 % av våre klientar er slike som "fell" utanom systema. Dei er ikkje å rekne for reelle arbeidssøklarar, og mottek difor ikkje arbeidsløysetrygd. Dei er heller ikkje "sjuke" nok til å få innvilga trygdeytningar. Denne gruppa er eit stadig tilbakevendande konflikt på samarbeidsmøtar, og dei vil framleis verte ein "kasteball" mellom systema.

Med dei innstrammingar som er kome innanfor trygdesystemet med innskjerpa krav både til rehabilitering /attføring og uføretrygd, ser me ein fare for at talet som "fell" utanfor systema kan auke. Dette vil igjen føre til ein auke i sosialhjelpsutgifter.

Stønadsperioden som ein kan få innvilga er inntil 2 år, etter denne får ein ikkje innvilga fleire gonger. *Har ein ikkje innan denne perioden fått arbeid eller utdanning er sosialkontoret den einaste utveg.*

Det me har erfart er at det har vorte kutta i arbeidsmarknadstiltak dei seinare år, og i forslag til budsjett for 2005 vil ein kutte ytterlegare frå 18.000 ned til 11.000 tiltak.

Skal ein satse på ei arbeidslinje med fleire ut i arbeid samsvarer ikkje det med fleire kutt i arbeidsmarknadstiltaka.

På grunn av kutta som allereie er innanfor arbeidsmarknadstiltak har sosialkontoret i samarbeid med teknisk etat og etat for reinhald fått til ei utprøving i arbeidslivet for nokre klientar. Skal det kuttast ytterlegare kan dette bli noko sosialkontoret må satse meir på.

At aldersgrensa for å få innvilga arbeidssøklarstønad er satt til 19 år kan få uheldige verknader. Sosialkontoret har opplevd at ungdom vil ta seg eit friår for deretter å søkje sosialhjelp. Desse ungdommane "slit" sosialkontor med å få ut i tiltak. Slik lovforslaget føreligg vil Ratsøe

utvalet at ungdom under 25 år skal få 2/3 av dagsats for arbeidssøkjarstønaden, dette kan bli ei "sovepute" for ungdommen.

I KS sine kommentarar til Ratsøe utvalet skriv ein at det snakkast om at ca. halvparten av sosialklientane kan overførast til den nye etaten. Det ein lurar på er kor desse talla kjem frå, dette er ikkje ei virkelighet sosialkontoret er kjent med. Dersom dette vil påverke dei løyvingar kommunen får til sosialutgifter, ser me ein fare for at kommunen vert ein tapane part økonomisk. Slik me ser det er det dei klientane som er reelle arbeidssøkjarar som kan gå over til ein ny etat. Dette gjeld klientar som er innom sosialkontoret nokre få månader til dei får seg arbeid eller begynner i utdanning, desse er i fåtal og utgjer ikkje dei store kostnadene på sosialbudsjettet.

Ut frå våre vurderingar er me ikkje overbevist om at Ratsøe utvalet sitt forslag vil få fleire ut i arbeid. Me ser og at det kan være ein fare for at det kan opne for ein større gråsoneproblematikk både med omsyn til ansvar og kostnadsfordeling mellom stat og kommune.

Med helsing


Øistein Søvik
Rådmann

Kopi: FSK til orientering
KS